

Årsmelding for IMS-Ung 2024

Tilsette i Ung-avdelinga

Det har skjedd litt endring i Ung-staben i 2024.

Kristine Særsten sluttar som ung-arbeidar 1.august etter 1 år som ansatt hos oss. Me vil takka for eit flott år saman med Kristine.

Kristine Særsten

Ung-arbeidar 55 % fram til 1.august

Linda Aase

Ung-leiar i 50 %

Eirik Stensland

Ung-leiar i 80 %

Lise Marie Thuestad Litlabø

Barne- og familiearbeidar i 50 %

Lagsarbeid

Ved utgangen av 2024 hadde me til saman 36 barne- og ungdomslag, fordelt slik:

2 barne- og ungdomskor

22 barnelag

12 ungdomslag

Dette er to færre lag enn i 2023.

Leir

2024	2023	2022
15 leiarar	15 leiarar	15 leiarar
487 deltakrarar	584 deltakrarar	626deltakrarar
87 leiarverk	103 leiarverk	113 leiarverk

Det var to leiarar som vart avlyste på Helgatun, den eine på grunn av lite påmeldte og den andre på grunn av enorme vassmengder som gjorde at me blei frårådd å køyre på vegane. I 2024 tenkte me nyt og laga «Julejunior», ein leir for 4-9 år med følgje. 57 deltakrarar reiste til Brandøy den helga.

Leir er ein viktig del av vårt arbeid. Det er fleire barn og unge som får møta Jesus for første gong. Det er kjekt å sjå at barn og unge kjenner at dei er på ein trygg plass, der dei kan ta del i det kristne fellesskapet. Det

går alltid litt opp og ned med antall deltakrarar, men det viktigaste er at dei som kjem blir møtt med eit varmt og inkluderande fellesskap som peikar på Jesus.

Ein av leirane som var fullteikna i 2024 var Ten-helga før jul. Det var utruleg kjekt. Dette er det lenge sidan me har opplevd.

Me er veldig takknemlege for alle dei frivillige som stiller opp som leiarar på leir. Det hadde ikkje gått utan dei. Me er heldige som har mange trufaste leiarar som stiller opp og bidreg til at barn og unge skal bli kjent med Jesus. Tusen takk til deg som bidrar.

Økonomisk støtte til leir

Under årsmøtet i 2023 hadde me ein samtale om å tilby økonomisk hjelpe til dei som trengte det for å kunne senda barna sine på leir. Etter at me begynte med dette har det vore fleire som har tatt i mot tilbodet. Halvparten av prisen på leiren blir då sponsa av enten den lokale foreininga/laget eller av IMS. Dette er heilt anonymt. Me er glade for at ordninga fungerer og dei lokale foreiningane og laga bidrar til at alle barn skal få moglegheit til å reisa på leir. Takk til dykk i lokalt arbeid som har vore så positive til å vera med å støtta dette.

ConTeenew

I april stod 18 flotte IMS-konfirmantar til konfirmasjon på Leirvik bedehus. I september fekk me ta imot 11 nye konfirmantar.

ConTeenNew er IMS sitt konfirmantarbeid for heile kretsen. Me samlast ein gong i månaden frå september til april og dreg på tre turar i løpet av skuleåret. ConTeenNew er arbeid som ber frukt og som me er stolte av å kunne tilby komande konfirmantar i vårt område.

Me er 6 leiarar i konfirmantarbeidet: Hilde Kristin Teigland, Karl Petter Økland, Kjerstin

H. Stokken, Bernt Arild Gjøvåg, Solveig Gjøvåg og Eirik Stensland. Dette er ei meiningsfylt teneste. Ein får gå litt tettare med nokre få over eit år der Bibel og undervisning er det som står i fokus. Det gjer noko med konfirmantane, og med oss vaksne. Det er fantastisk å sjå den utviklinga konfirmantane har i denne tida.

Pit Stop

Pit Stop 2024 gjekk som normalt av stabelen i haustferien på Leirvik bedehus. Dette er eit flott arrangement som samlar ungdom frå fleire stader, hovedsakleg i den sørlege delen av IMS.

Også dette året var Laget (NKSS) med oss heile helga. Dei bidrog sosialt og med seminar, blant anna «Grill ein kristen» som nærmast har vorte til deira varemerke. Så fekk me også besøk frå Heltfri med seminar om sex, samliv og kjønn. Når ein har så mykje innhald inn i ei helg, så får ein alltid ein form for respons. Det er mykje bra på Pit Stop, men det mest spanande skjer nok på forbønnsrommet, noko dei færreste ser. I år var det også mange som satt i grupper og ba i møtesalen etter møta. Midt mellom forkynning, undervisning og bønn så fekk Gud gjera noko med oss.

IMS Sommarfest

Dette året fekk me til eit skikkeleg ungdomsopplegg med eige program. Det inneholdt blant anna bowling i Haugesund og aktivitet i gymsalen til Lundeneset VGS. Me fordele jentene og gutane på to av hyttene til Brandøy, dette fungerte heilt supert.

Det var utruleg kjekt at me fekk til å ha eit fellesskap med berre ungdommane, i tillegg til at me deltok på dei store møta med resten av fellesskapet.

Helsing

Til slutt ynskjer me å rette ei stor takk til alle dykk som på ein eller annan måte bidreg inn mot barne- og ungdomsarbeidet i IMS, anten som forbedar, leiar eller økonomisk

støttespelar. Tusen takk, på vegne av oss i IMS, og på vegne av alle barn og unge i kretsen som nyt godt av dykkar innsats.

Heilt til slutt vil me gjerne få helse dykk med vers frå 1. Pet. 4, 10:

Ten kvarandre, kvar og ein med den nådegåva han har fått, som gode forvaltarar av Guds mangfaldige nåde.

*For IMS-Ung v/
Linda Aase og Eirik Stensland,
Ung-leiarteam*